



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 12.03.2021  
Vår ref: 21/00437-6  
Deres ref:

### Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Kølbotn Masseeuttak i Fyresdal kommune. Tiltakshavar: Krossli Singel og Sand AS, org. nr. 926 336 304

#### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

#### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 22.01.2021 fra Krossli Singel og Sand AS, org. nr. 926 336 304.

#### 1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 22.01.2021 fra Krossli Singel og Sand AS, org. nr. 926 336 304. Krossli Singel og Sand AS, org. nr. 926 336 304, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Kølbotn Masseeuttak på del av eidegoden gnr./bnr. 36/2 i Fyresdal kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 42 daa og går fram av kart over konsesjonsområde «Kølbotn Masseeuttak i Fyresdal kommune», vedlegg 1.

I arealdelen av kommuneplanen er området øyremerket til steinbrot.

**Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovsgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.**

#### 2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

##### 2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 860 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan ráde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Kølbotn masseuttak. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Da DMF nyleg har gjeven driftskonsesjon til uttaket, og Tiltakshavar kun har søkt om ny driftskonsesjon for ny selskapseining, slik at driftsopplegget er vidareført frå gammal til ny selskapseining utan vesentlege endringar, er søknaden ikkje sendt på høyring. Det visast til høyringsfråsegn i tildelingsvedtak 18/02289-6.

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.



Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

#### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomensten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomensten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr/bnr 36/2, datert 3. mars 2021, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomensten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomensten.

#### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 42 daa og går fram av kart «Kølbotn Masseuttak i Fyresdal kommune».

I arealdelen av kommuneplanen er området øyremerket til steinbrot.

#### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

#### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på 42 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 100 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med



marknaden, men det planlagde uttaket per år er 10 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i ein etappe. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til landbruksformål.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Kølbotn masseuttak godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift. Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekosten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Jørn Helge Krossli som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekosten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ingen reguleringsplan for uttaket.

*Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*



Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte i 3. februar 2021) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Det er ikkje gjort spesielle funn ved søk i Artskart eller Naturbase. Ved tildeling av vedtak 18/02289, har Fylkesmannen heller ikkje påpekt noen spesielle funn i området.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

I driftsplanen er sikring av uttaket beskrive. Det er opplyst om at det er etablert voll på brotkanten mot tilkomsten i aust, i tillegg til anleggsgjerde. Gjerdet vil bli erstatta med eit permanent gjerde. Området er skilta ved tilkomsten i begge retningar. Vegen er stengd med bom ved flyplassen. Det er plassert steinblokkar som sperrar tilkomsten frå søraust forbi eksisterande bustad.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeraストoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Førekomsten består av gneis og migmatitt. Massane frå dagbrotet er av god kvalitet og er godkjent for bærelag og frostsikring på riksveg.

#### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

I driftsplanen er det beskrive at drifta skal mogleggjere at uttaksområda avsluttast og klargjerast for etablering til landbruksformål.

Tilgangen til reinskemassar og andre massar til revegetering, er avgrensa. Massane frå området som i dag leggjast opp i vollar som skjermar for støy og innsyn, skal brukast til revegetering etter at uttaket er avslutta. Skjæringer og overgangar mot eksisterande terregng, vil bli prioritert for revegetering.



Tilpassing og forming av terrenget vil bli gjort på ein slik måte at inntrykket etter avslutta uttak er mest mogleg avdempa og i samsvar med terrenghformasjonane og skogareala i området.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har foreslått at det etablerast ein bankgaranti på NOK 300 000 knyta til uttaket, og at det vidare avsetjast NOK 3,98 per tonn uttatt masse. Når saldo på denne kontoen overstiger NOK 300 000, kan bankgarantien slettast. Det er foreslått at fondet opparbeidast over ein periode på 8 år.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere tilfredsstillande.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 860 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfasen*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;



- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 860 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 3,98 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 8 år, det vil seie NOK 107 500 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 10 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarande om lag 27 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 3,98 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen. I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold. DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:



- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekjoms av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekjomsen blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjøre greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.



Etter forvaltningslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finner du også vårt digitale kartløsning, som er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.

Vennlig hilsen

Unni Garberg  
seksjonssjef

Vegard Nymoen  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen.*

Saksbehandler: Vegard Nymoen

Vedlegg:

Vedlegg 1 Kølbotn masseuttak - konsesjonsområde

Vedlegg 2 Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse Kølbotn Masseuttak Krossli Singel og Sand

Vedlegg 3 Påkravsgaranti Kølbotn Masseuttak Krossli Singel og Sand AS

Vedlegg 4 Pantsettelseserklæring enkle pengekrav Kølbotn Masseuttak Krossli Singel og Sand AS

Vedlegg 5 Godkjent driftsplan Kølbotn Massettak

Mottakere:

Krossli Singel og Sand as Sitjevegen 133 3870 FYRESDAL

Kopi til:

Statens vegvesen Region sør Postboks 723 Stoa 4808 ARENDAL

Statsforvalteren i Vestfold og Postboks 2076 3103 TØNSBERG

Telemark

Fyresdal kommune Fyresdalsvegen 2231 3870 FYRESDAL

Fyresdal kommune Fyresdalsvegen 2231 3870 FYRESDAL

Norges vassdrags- og Postboks 2124 3103 TØNSBERG

energidirektorat Region sør

Vestfold og Telemark Postboks 2844 3702 SKIEN

fylkeskommune